

# ÅRSMØTE

for Bykle og Fjellgardane kyrkjelyd, i Bykle kyrkje

## SUNDAG 17. MARS

### KL.12.30



Lys Vaken 2012, f.v.: Bjørn Viki, Erik Dyrland Domaas, Terje Seilskjær.

#### **Innhald:**

**Årsrapport 2012 for Bykle sokneråd med årsrapportar frå:**

- Prostidiakonen i Otredal
- Bykle barnekor og Fjellgardane barnekor
- Fjellgardane sundagsskule
- Bykle KFUK-KFUM speidarar
- Pilegrimsvandring Hovden-Røldal

**Årsmøtet er ein stad der du kan ta opp det du er oppteken av i kyrkjelyden.**

**Det er eit informasjons- og diskusjonsmøte, det er ikkje godkjenning av saker / val.**

## Alle hjarteleg velkomne

# Bykle Sokneråd – Årsrapport 2012

Godkjent av Bykle sokneråd 6.mars 2013

1. Organisering av kyrkja.....	2
2. Tilsette og personalansvar.....	3
3. Kyrkjelydsarbeid.....	4
4. Kyrkjer .....	8
5. Kyrkjegardar .....	9
6. Økonomi .....	9
7. Planar for 2013.....	10
8. Takk .....	10



Fjellgardane kyrkje

## 1. Organisering av kyrkja

Bykle sokn er eiga, juridisk eining, soknerådet er øvste organ. 21. februar 2012 var det registrert 763 medlemmar i Bykle sokn. 21.februar 2013 var medlemstalet 735. Nedgangen har truleg samanheng med reduksjon av folketalet i kommunen. Soknerådet bestod i 2012 av seks valde medlem, soknepresten og kommunen sin representant. I tillegg møtte 1.vara fast. Kommunen sin representant er til stades for å vere bindeledd mellom soknerådet og kommunen, og har røysterett når soknerådet handsamar saker av fellesråds karakter (økonomi, bygningar, kyrkjegard, personale). Kyrkjevevja er sakshandsamar og sekretær for soknerådet, med tale- og forslagsrett. Kyrkjevevja har det administrative ansvaret for den daglege drifta, og utfører arbeidet saman med andre kyrkjeleg tilsette og friviljuge.

### Medlemer i soknerådet 1.11.2011-2014

Else Gyro Rysstad (leiar frå 1.11.2011)  
Bjørge Vatnestrøm (nestleiar frå 1.11.2011)  
Bernt E. Berntsen  
Edvin Norheim  
Ragnhild Å. Hoslemo  
Brita Mosdøl  
Terje Seilskjær (sokneprest)

### Vara

1. Ole Morten Egeland
2. Olav Aslak Bjåen
3. Kjell Hagestad
4. Knut Inge Repstad

### Kommunen sin representant

(vald av kommunestyret):

Torvald Gautland (H)

Vara: Jon Rolf Næss (AP)

Ragnhild Bjåen vart vald inn som femte medlem i soknerådet i november 2011. Ho vart etter søknad friteken frå vervet frå 13.1.2012. Andre medlemmer og varamedlemmer rykka då opp.

### Handsama saker i sokneråd

År	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001	2000
Handsama saker	37	61	51	45	34	43	54	47	46	48	43	41	46

## Utval og nemnder

### • **Organisasjon**

- Arbeidsutval: Soknepresten, kyrkjevevja, leiar og nestleiar av soknerådet. AU førebur soknerådsmøta og avgjer mindre saker. AU har oftast hatt møte om lag ti dagar i forkant av soknerådsmøta. AU hadde åtte møte i 2012.

### • **Soknerådsarbeid**

- Trusopplæringutval har bestått av Brita Mosdøl, Rønnaug Torvik, Ragnhild Hoslemo, Liv Flateland Flaa og kyrkjevevja. Sokneprest møter ved førespurnad. Utvalet har hatt eit møte i 2012.
- Gudstenesteutval har bestått av sokneprest Terje Seilskjær, organist Tonhild Kråkenes og Ingrid Løyning Berntsen (representant for kyrkjelyden). Utvalet utarbeidde famlegg til lokal grunnordning for ny gudsteneste (ORDO) som soknerådet vedtok. Utvalet har hatt tre møte i 2012.

### • **Fellesrådsarbeid**

- Plan- og byggjenemnd for utviding av Bykle kyrkjegard:  
Tre medlemmer oppnemnde av soknerådet: Bernt E. Berntsen, Brita Mosdøl og Torvald Gautland (leiar), Terje Seilskjær.  
To medlemmer oppnemnde av kommunen: Sigbjørn Fossdal og Knut Arne Midtveit.  
Vara: Olav Mosdøl.  
Nemnda har i 2012 hatt tre møte. Arbeidet omtalast i kapittelet om kyrkjegardane.
- Økonomiutval for drift av soknet  
To medlemmer oppnemnd frå soknerådet: Bernt E. Berntsen og Torvald Gautland.  
Kyrkjevevja har og delteke. Utvalet hadde eit møte i 2012.
- Utval for vasståke i Bykle gamle kyrkje og renovering bårhus/servicebygg  
Eit medlem oppnemnd av soknerådet: Bernt E. Berntsen. Kyrkjevevja har delteke.  
Oppnemnd av kommunen: Knut Arne Midtveit. Utvalet hadde tre møte i 2012.

## **2. Tilsette og personalansvar**

Soknerådet hadde i 2012 arbeidsgjevaransvaret for 1,61 årsverk fordelt på 4 tilsette:

- Tor Hallvard Mosdøl, kyrkjevevje, 60 % og kyrkjelydsarbeidar 40 %.
- Tonhild Kråkenes, organist, 40 % stilling. (60 % stilling som organist i Valle)
- Knut Rysstad, klokkar/kyrkjetenar Fjellgardane og Bykle, 13 % stilling.
- Bernt E. Berntsen, klokkar/kyrkjetenar Bykle, 8 % stilling.

Tor Hallvard Mosdøl har vore frikjøpt ca 10 % frå stillinga som kyrkjevevje pga politisk engasjement.

### **Samarbeidsprosjekt i prostiet - prostidiakon:**

Våren 2002 begynte Per Emanuelsen som prostidiakon i 50 prosent stilling, stillinga er seinare utvida til 70 prosent. Den blir finansiert av sokneråda i Otredal prosti (ti sokn til saman i kommunane Vennesla, Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle). Bykle sokn sin del tilsvarar 10,5 prosent.

**Statleg tilsett:** Terje Seilskjær er fast tilsett som sokneprest i Valle og Bykle (sidan mars 2011).

Dei tilsette har hatt jamlege stabsmøte, om lag ein gong i månaden. Stabsmøta er felles for Bykle og Valle. Kyrkjjetenarane er med når det passsar for dei – det same er prostidiakonen. Samarbeidet mellom Bykle og Valle er bra, men kan og bør utviklast ytterlegare.

### 3. Kyrkjelydsarbeid

Kvart år fyllast det ut kyrkjeleg årsstatistikk, som er med å danne grunnlag for nasjonale statistikkar. Dei kyrkjelege handlingane som dåp, konfirmasjon, vigslar og gravferder ligg på eit stabilt nivå ut frå folkesamansetninga i Bykle.

#### **Gudstenester:**

Alt i alt blei det halde 44 gudstenester i Bykle sokn (Bykle kyrkje og Fjellgardane kyrkje).

Besøktal frå gudstenester ved påske og jul i Bykle:

<b>Gudsteneste</b>	<b>2002</b>	<b>2003</b>	<b>2004</b>	<b>2005</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>
Skjærtorsdag kveld	65	67	90	120	166	83	75	66	80	85	50
Påskedag morgon	65	120	90	100	150	145	100	115	92	125	80
Julaftan	160	130	200	210	290	250	240	580*	472*	510*	565*

(Tal merka med stjerne gjeld både Bykle og Fjellgardane)

I Bykle er faste gudstenester og kyrkjelege arrangement gjennomført:

- Familiegudstenester med utdeling av bøker til 4-åringar, 1.og 5.klassingar
- Skulegudstenester
- Ungdomsgudstenester med deltaking av konfirmantane
- Konfirmasjonsgudstenester og samtalegudstenester med konfirmantane
- Helgemesse med minning av dei døde
- Ljosmesse/jolekonsert i adventstida, med deltaking av konfirmantane
- Høgtidsgudstenester (jol og påske)
- Gudsteneste på nasjonaldagen
- Friluftsgudsteneste
- Lekmannsmesser v/Normisjon i Bykle kyrkje
- Vandrargudsteneste i samband med pilegrimsvandring (Fjellgardane kyrkje)

Soknerådet og andre frivillige sørgjer for kyrjekaffi etter dei fleste gudstenestene.

#### **Møte og samlingar:**

Ut over gudstenestene organiserer soknerådet lite opplæringsarbeid og møteverksemd mynta på vaksne. Organisasjonane, særskilt Normisjon og Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM), har åtte til ti **møtehelger** i året til saman. Normisjon har møta i Bykle kyrkje og NLM stort sett i bedehusa. Det er også ein pinsekyrkjelyd i Bykle som har ein del møte.

Soknerådet har i mange år hatt ”**Prestegjeldsaksjonen**” siste helga i januar. Aksjonen har vore eit samarbeid med Valle og Hylestad sokneråd. I 2011 var alle tre møta i Valle kyrkje. I 2012 vart det i staden 10. okt arrangert eit kveldsseminar med Fermate Sør som hadde tittelen «Tillit, makt og krenkelser». Samarbeid med Normisjon ifht mat og andre praktiske ting.

Soknerådet arrangerer **joletefestar** både i Bykle og Fjellgardane. I Bykle er festen på samfunnshuset, og på Hovden er den på grendehuset. Soknerådsmedlemer steller i stand.

I Bykle er det to **bibel/samtalegrupper** i sving med regelmessige samlingar. Kyrkjelyden sitt **årsmøte** var i Bykle kyrkje etter gudstenesta onsdag 7.mars.

## Konsertar, musikkandaktar, musikk gudstenester med meir i 2012



Organist/kantor Tonhild Kråkenes er kyrkjemusikalsk ansvarleg. Organisten har ansvar for planleggjing og gjennomføring av det musikalske innhaldet i gudstenester, vigslar, gravferder, konsertar og andre kyrkjelege arrangement i regi av soknerådet. Organisten er og med soknepresten som pianist på Bykle aldersheim annakvar veke. Vidare bidreg organisten i konfirmantundervisninga og ulike arrangement i samband med trusopplæringsplan. Organisten samarbeider godt med lokalt musikk- og kulturliv og trekkjer inn ressurspersonar til musikk/song i gudstenester og konsertverksemd.

(Om ikkje anna står, er Bykle sokneråd arrangør.)

**Bykle kyrkje, 12.februar** – Folkemusikkonsert med Fantefylgjet (studentar frå Ole Bull Akademiet på Voss).

Sigrid Kjetilsdotter Jore: song, fløyte - Margit Myhr: song, lyre, hardingfele - Satoko Katagihar: hardingfele - Alexander Røynstrand: hardingfele - Erlend Apneseth: hardingfele.  
Arrangør: Bykle Sokneråd / Bykle Folkeakademi.  
Til stade: 38 personar

**Fjellgardane kyrkje, 25.februar** – Konsert med Olav Mosdøl, Hege Bålsrød, Peter Wemø og Rune Ulset. Til stade: 15 personar

**Bykle kyrkje, 4.mars** – Johnny Cash-messe

Sindre Løvik med band, konfirmantar deltok, Roald Guttormsen frå Kirkens Nødhjelp, Terje Seilskjær og Tonhild Kråkenes. Til stade: 150 personar

**Bykle kyrkje, 1.april (Palmesundag)** – Konsert, Keltiske songar

Kristina Jølstad Moi og Jon Kleveland med band framførte songar frå CD'en, «Fyll mitt seil»  
Til stade: 100 personar

**Fjellgardane kyrkje, 4.april** – Konsert, Karl Bjorå trio

Jazzballader og standards til eige komponert materiale, samt tolkingar av gamle folketoner.  
Til stade: 12 personar

**Bykle kyrkje, 21.april** –

Superlaurdag/gudsteneste/konsert med Jarle Waldemar, Bykle og Fjellgardane barnekor, Tårnagentane og minikonfirmantar frå Bykle sokn og Valle og Hylestad sokn. Til stade: 80 personar



**Bykle kyrkje, 22.september** – Superlaurdag/gudsteneste/konsert med jentegruppa SEVEN, Bykle og Fjellgardane barnekor, Terje Seilskjær og Tonhild Kråkenes. Til stade: 115 personar

**Bykle gamle kyrkje, 28.september** – Folketonekonsert med Trym Bjønnes, Helga Jacobsen og Kim Andre Rysstad. Arr: Artistane og Bykle sokneråd. Til stade: 60 personar

**Bykle kyrkje, 13.desember** – Allsongkveld i Bykle kyrkje med advent- og jolesonger frå salmeboka. Gerd Fosse Hovden fortalde om røtene til nokre av jolesongene og leidde kvelden saman med Tonhild Kråkenes. Til stade: 26 personar

**Bykle kyrkje, 18.desember** – Ljosmesse/jolekonsert med Bykle musikkorps, Bykle og Fjellgardane barnekor, Bykle songlag, Tonhild Kråkenes og Terje Seilskjær. Konfirmantane deltok med ljostenning og tekstlesing. Til stade: 150 personar

### **Born/unge:**

Jamlege aktivitetar drivne i samarbeid med soknerådet:

- *Bykle KFUK-KFUM-speidarar*. Eigen årsrapport.
- *Fjellgardane barnekor* og *Bykle barnekor*. Kora syng på gudstenester og andre arrangement. Soknerådet utnemner to representantar i styret for Bykle barnekor. Fjellgardane barnekor drivast i samarbeid med Fjellgardane sundagsskule. Eigen årsrapport.
- *Fjellgardane sundagsskule* og *Bykle sundagsskule*. Sundagsskulen i Bykle har ikkje vore i funksjon sidan hausten 2009. Fjellgardane sundagsskule er i drift. Eigen årsrapport.
- *Bykle skulelag* blir drive av skuleungdom i Bykle, med Ole Morten Egeland som vaksenkontakt. Laget har for det meste samlingar heime hos Ole Morten.



*Soknerådet sitt arbeid*, som blir følgt opp av kyrkjeverja (kyrkjelydsarbeidar-delen):

Det er stort fokus på trusopplæring i den Norske kyrkja, men det er framleis nokre prosti som ikkje har fått trusopplæringsmidlar. Blant desse er Otredal prosti som Bykle sokn er ein del av.

I løpet av 2011 vedtok soknerådet trusopplæringsplan for soknet. Delar av planen vert fylgd opp. Sokneråd og administrasjon bør søkje å påverke Agder og Telemark bispedøme for å få tildelt statlege midlar til trusopplæring.

Tiltak som vart gjennomført i 2012:

- 4-årsbok til 4-åringar, med CD-invasjon
- 6-årsbok og Kyrkjerotte-DVD til 6-åringar
- Tårnagenthelg for 3. klassingar
- Minikonfirmantkurs for 5.klassingar
- Lys vaken for 6. klassingar
- KonfACTION for konfirmantar

Tiltak som ikkje vart gjennomført i 2012:

- CD til 1-åringar
- Bibel til 5. klassingar



1-2 desember arrangerte sokneråda i Bykle og Valle og Hylestad **Lys vaken** for 6.klassingane frå båd sokna, med overnatting frå laurdag til søndag i Bykle kyrkje. Kyrkjestaben i Bykle og Valle og frivillige hadde ansvar for gjennomføring.



6.klassingane var med på aktivitetar som stabling av salmebøker (så høgt som mogleg!), «Bom 50» i heile kyrkja, lagning av lyslykter og førebuing av skodespel til adventsgudstenesta på sundagen.



**Vinnarane i tårnstabling av salmebøker. F.v: Andre Mandt Haugen, Erik Dyrland Domaas, Sigurd Hagen, Lotte Rysstad, Nora Brokke og Ariel Hansen.**

Det vart ei spesiell og flott oppleving, etter mørkret hadde senka seg, då Bjarne Tveiten las frå si eiga bok «Underet i Breive» i tradisjonsrike Bykle gamle kyrkje. Før soveposane kom fram var det også tid til koseleg songstung med Bjørgulv T. Berg.

**Konfirmantarbeidet** er eit satsingsområde for soknet. Soknepresten står for planleggjing og det meste av gjennomføring. Også i år var konfirmantane med på **KonfACTION**, som er ein konfirmantleir (i regi av KRIK) med rundt 1000 deltakarar i Bø i Telemark. Leiren er obligatorisk og ein del av konfirmanttida. Soknerådet har inntil 2012 dekt deltakaravgifta for konfirmantane. Foreldra er med i den praktiske gjennomføringa av leiren. Konfirmanttida inneheld 10-12 samlingar spreidd ut over skuleåret. Våren 2012 var det 13 som vart konfirmert. Sommaren og hausten 2012 var det 19 som deltok på leir og undervisning.

Soknerådet dekkjer **leiravgifter** for born og ungdom som bur i Bykle. Formålet er at dei skal få trusstyrkjande opplevingar og kunnskap i større samanhengar.

### Diakoni:

Per Emanuelsen er prostidiakon i Otredal prosti, som Bykle sokn er ein del av. Prostidiakonen gjer eit viktig arbeid i møte med menneske i ulike livssituasjonar. Årsrapport er vedlagt. I tillegg til det prostidiakonen nemner i rapporten, har han hatt fire samlingar, såkalla **sjømannskyrkjekveldar**, i Fjellgardane kyrkje. Det har vore uformelle samlingar med kaffi, vaflar og samtale.

Det er oppretta **diakoniutval** i Bykle sokn. Utvalet har kome i gong med oppfølgingsteneste etter dødsfall. Arrangerte 9.februar fellesskapskveld i Bykle kyrkje samarbeid med speidarane, med internasjonal mat og innslag. Andre oppgåver kan kome til etterkvart. Aud Skagestad, Brita Mosdøl, Elin Dypedal og Else Gyro Rysstad er med i utvalet.

Soknerådet delte, som vanleg, i desember ut **joleblom** til pensjonistar, tilsette og friviljuge medarbeidarar i kyrkjelyden.

På **Bykle alders- og sjukeheim** har sokneprest og organist andakt eller gudsteneste med nattverd to gonger i månaden.

### Informasjonsarbeid:

Kyrkjelydsbladet "Vegleiaren" blir til vanleg gjeve ut fire gonger i året. Olav Mosdøl er redaktør. Kyrkjevevja i Bykle, kyrkjesjefen i Valle, organisten og soknepresten har også vore med i redaksjonen. Inntekter til Vegleiaren kjem frå gjevarar. I 2012 gjekk Vegleiaren med 54.000 kroner i underskott. Underskottet må dekkjast av sokna i Bykle og Valle.

Setesdølen skriv gjerne om det som skjer i kyrkjelyden. Kyrkjelyden vert også informert gjennom Byklaren, plakatar, turistinformasjonen (Destinasjon Hovden), kommunen sin arrangementskalender på heimesida og kunngjeringar under gudstenester. I 2011 vart det påbegynt arbeid med eiga nettside. Dette arbeidet pågår, men er ikkje fullført.

### **Misjonsprosjekt:**

I 2007 inngjekk soknerådet samarbeidsavtale med Normisjon, om å støtte deira arbeid på Cuba. Det er hovudsakleg ofringar frå gudstenester som har gått til dette. I løpet av 2009 blei det første konkrete prosjektet, nytt kyrkjebygg i Guantánamo, ferdig finansiert. Avtalen med Normisjon er no avslutta.

Bykle sokneråd har i 2012 arbeidd med å få på plass eit nytt misjonsprosjekt. Det er ynskjeleg med eit prosjekt der ein både får tettare oppfølging og oppdatering av organiasasjonen som eig prosjektet. Avtale om nytt misjonsprosjekt kjem på plass frå 2013.



### **Pilegrimsvandring:**

Sokneprest Terje Seilskjær deltok på vandringane frå Hovden til Røldal sommaren 2012. Bykle sokneråd og Agder og Telemark bispedøme arrangerte vandringa i 2012, som ei ekstraordinær løysing, for at vandringa ikkje skulle opphøyre. Terje Seilskjær (planleggjing og gjennomføring), soknerådsleiar Else Gyro Rysstad (planleggjing) og Tor Hallvard Mosdøl (rekneskap) var med på dette. Sluttrapport for 2012-vandringa er vedlagt.

## **4. Kyrkjer**

Kyrkjene er i god stand.

I 2010 starta arbeid med installering av vasståkeanlegg i Bykle gamle kyrkje. Soknerådet bestemte hausten 2011 at bårhuset ikkje skal rivast, men i staden renoverast. Toaletta og opphaldsromet i bårhuset er pussa opp i 2012. Det er vidare bytta takrenner og bårhuset er måla utvendig. Bernt Berntsen (soknerådet), Knut Arne Midtveit (Bykle kommune) og kyrkjevevja styrer renoveringa. Vasståkeanlegget vert ferdig og tilkobla i løpet av 2013.



Det er innhenta tilbod på installering av prosjektorar i kyrkjene. Prosjektorar i kyrkjene vil gjere arbeid med gudstenester, borne- og ungsomsarbeid og anna lettare å gjennomføre. I tillegg vil det auke attraktiviteten av kyrkjene generelt ifht utleige, konsertar med meir.



Arbeid med installering av internett er igongsett i Bykle kyrkje. Tilsvarande vert gjort for Fjellgardane kyrkje i løpet av 2013. Internett er effektiviserande for dagleg drift.


Bykle gamle kyrkje er ope delar av sommaren for turistar. Setesdalsmuseet IKS har gjennom Bykle kommune ansvar for omvising. Kyrkja var i 2011 open i juli samt to helger i juni og to helger i august. Det kan stillast spørsmål ved om opningstid og opplæring. Setesdalsmuseet IKS hadde problem med å få engasjert kvalifiserte guidar i 2011 og 2012.

## 5. Kyrkjegardar

Kommunen har, etter ein samarbeidsavtale med soknerådet, ansvar for vedlikehaldet av kyrkjegardane. Soknerådet har inntil 2012 hatt tilbod om å inngå avtale om gravstell. Festarar for om lag 25 graver har nytta tilbodet. Bykle sokneråd har gjort vedtak om å avslutte gravstellstenesta f.o.m 2013. Årsak er mangel på kapasitet til å utføre arbeidet. SetPro leverer tilsvarande teneste, for festarar som måtte ynskje tenesta vidare.

### Ny kyrkjegard

I starten av 2011 vart det inngått kontrakt med Landskapsentreprenørene AS om å byggje ny kyrkjegard i Bykle. Arbeidet vart påbegynt sommaren 2011. I løpet av 2012 vart det aller meste av arbeidet fullført. Det gjenstår nokre detaljar med oppsetjing av lysmaster som må avklarast og gjerast ferdig i 2013. Vigsling er planlagt 26.mai 2013.



## 6. Økonomi

Etter kyrkjelova §15 får kyrkja det meste av midla sine frå kommunen. Noko kjem frå egne inntektskjelder. Rekneskap for 2012 er avlagt, men enno ikkje revidert. Bykle sokneråd har eit årleg driftsbudsjett på om lag 1,7 millionar kroner. Løyvinga frå Bykle kommune har dei siste åra omtrent stått stille. I realiteten utgjer det ein nedgang, grunna prisstigning.

I overkant av ein million går til løn, godtgjersler og honorar med tilhøyrande utgifter. Om lag halvparten av resterande går til drift av kyrkjene, som straum, forsikring og vedlikehald. Resterande halvpart går stort sett til kyrkjelydsrelaterte aktivitetar som trusopplæring (mellom anna KonfACTION), gudstenester, konsertar, kyrkjelydsblad med meir.

Ofringar (tal i heile tusen)	Ofringar (ordinære kyrkjene)	Prestegjeldsaksjon (misjonsprosjektet)	Fasteaksjon (Kirkens Nødhjelp)
2010	90.000	15.000	20.000
2011	66.000	6.000	24.000
2012	74.000	-	20.000



Av ordinære ofringar i kyrkjene i 2012 gjekk 7.000 kroner til eige arbeid.

## **7. Planar for 2013**

### Kyrkjelydsarbeid

- Optimalisere bruk av ny gudstenesteordning (ORDO), som vart teke i bruk frå 1.sundag i advent 2012. Involvering, fleksibilitet og lokal tilpassing er stikkord.
- Arbeide vidare med å setje trusopplæringsplanen ut i livet, herunder eit godt samarbeid med Valle. Arbeide for å rekruttere friviljuge til leiararbeid i speidar og sundagsskule. Trykke ytterlegare på Agder og Telemark bispedøme for å få tildelt trusopplæringsmidlar til Otredal prosti.
- Velje nytt misjonsprosjekt og ta det i bruk.
- Ha fokus på kompetanseheving i soknerådsarbeidet.
- Arbeide vidare med å gjere ferdig heimesida som vart kjøpt inn i 2011

### Arbeid med kyrkjebygg og kyrkjegardar

- Ferdigstille arbeid med vasståkeanlegg i Bykle gamle kyrkje
- Ferdigstille og vigsle ny kyrkjegard ved Bykle kyrkje
- Installere internett i Bykle kyrkje, og Fjellgardane viss mogleg
- Installere prosjektorar i kyrkjene
- Ferdigstille arbeid med eigedomsforholda i samarbeid med Bykle kommune

### Generelt

- Halde fokus på økonomi, effektivisering og ressursutnytting i Bykle sokn

## **8. Takk**

Det er mange som bør takkast for god innsats i kyrkjelyden i 2012. Bykle sokn har ein liten stab, og er heilt avhengig av innsats frå friviljuge. Mange har gjort ein god jobb for sundagsskule, barnekor, skulelag, speidar, kyrkjekaffe, som kyrkjevertar og anna.

Takk til medlemene i soknerådet for jobben dei har gjort i møte, ulike utval og andre oppgåver. Takk også for engasjement og innsats frå dei tilsette.

For Bykle sokn  
Tor Hallvard Mosdøl, kyrkjeverje



### **Vedlegg:**

1. Årsrapport for Prostidiakonen i Otredal
2. Årsrapport for Bykle og Fjellgardane barnekor
3. Årsrapport for Fjellgardane sundagsskule
4. Årsrapport for Bykle KFUK-KFUM speidarar
5. Sluttrapport pilegrimsvandring Hovden-Røldal 2012



## Årsrapport 2012 fra Prostidiakonen i Otredal

### Innledning

2012 ble året da diakonisamarbeidet i Otredal feiret sitt 10 års jubileum, med gudstjeneste i Evje kirke. Rundt 200 mennesker var med på denne markeringen, deriblant var alle 8 diakoniutvalg representert. Ellers har også dette året vært et jevnt og godt arbeidsår, der mange diakonalt frivillige har lagt ned et stort arbeid.

### Alle diakonens arbeidsgivere

Organisasjonsmodellen i stillingen har vært den samme hele tiden. Det er prostiets 9 sokn og 6 felleråd som har ansvaret for stillingen. De kommer sammen ei gang i året, en representant for hvert sokn, til representantskapsmøte. Valborg Hauan har vært leder i representantskapet i år. Så har representantskapet valgt et styre som følger diakonen og diakonisamarbeidet gjennom hele året. Leder i styret har også i år vært Astrid Nomeland. Vennesla kirkelige fellesråd, med kirkeverge Allan Neset er diakonens arbeidsgiver. Denne modellen fungerer helt utmerket. Diakonisasamarbeidet har dyktige og kloke ledere.

### De 5 områdene diakonen utfordres på: Ensomhet, rus, psykisk helse, familiekonflikter og sorg.

Også i år har jeg møtt alle 5 mange ganger, i ulike settinger, med ulike rammer, og i alle 6 kommuner i prostiet. Oftest møter jeg dem i den fortrolige samtale, sjelesorg, veiledning, hjemmebesøk eller samtale i hønsehuset (hjemmekontoret-se bildet).

**Jeg hadde i 2012 totalt 401 (449) besøk/samtaler. Av disse var 40 (33) nye kontakter.**

2011-tall i parentes. (Evje fengsel regnes ikke med i disse tall)

Vennesla: 113 (168); Øvrebø: 12 (5); Hægeland: 8 (11); Iveland: 15 (16);  
Evje/Hornnes: 91 (60); Årdal: 15 (15); Bygland: 51 (61); Valle/Hylestad: 48 (80);  
Bykle: 45 (33):



### Kriser og katastrofer

Også i 2012 har diakonen på ulikt vis blitt kobla på, og vært med i oppfølging etter katastrofer/ulykker/ tragedier fra Vennesla til Bykle. Det nettverk som jeg i løpet av disse 10 første år har fått er av uvurderlig nytte når noe skjer. Samarbeidet med kommunenes kriseledelser/psykosiale kriseteam oppleves svært god. Likeledes kontakt og samarbeid med legevakt/ambulansetjeneste og politi. Det oppleves å være høy kompetanse og en god beredskapssituasjon i hele prostiet.

### Besøk, samtaler og nattverdsgudstjenester i Evje fengsel

Jeg har i 2012 hatt 12 besøk i fengselet. Alltid sammen med en eller to medbesøkende. Vi starter med en nattverdsgudstjeneste på et av undervisningsrommene. Vanligvis kommer 6-8 gutter på gudstjenesten. Etterpå har vi kaffi og kake sammen på deres egen dagligstue. Stemningen er alltid god, og vi opplever alltid å bli tatt svært godt imot av bøde innsatte og annsatte. Nytt av året er at de fleste besøk (10 av 12) har vært på en søndag, noen ganger i forbindelse med annen gudstjenestemedvirkning.

### Ulik aktivitet i samarbeid med diakoniutvalgene

Alle sokn i prostiet har nå sitt eget diakoniutvalg. Det innebærer 8 diakoniutvalg. Jeg er vanligvis sammen med dem på sine møter. Alle utvalg legger ned et stort frivillig diakonalt arbeid gjennom: besøkstjenester, kirkeskyss og kirkekaffi, ulike blomsterutdelinger, en oppfølgingstjeneste etter dødsfall som fungerer i alle kommuner, temakvelder og spesielle arrangementer, delaktighet ved diakoniens dag for å nevne noe. Et av utvalgene arrangerte samlivskurs i vår.

### **Diakonens samarbeid og delaktighet inn mot kirke og gudstjeneste.**

I prostiet opereres det med 4 staber. Vennesla, Evje/Iveland, Bygland og Valle/Bykle. Jeg er ikke med på alle stabsmøter som finner sted, men i år har jeg total vært med på 17 møter, deriblant en stabstur med Bygland til sjømannskirken El Campanario i Spania. I tillegg er jeg en gang i halvåret med på tjenestekonferansen som prosten har sammen med prestene. **Jeg har helt fra starten i 2002 vært med ved 8 gudstjenester i året som vi kaller diakoniens dag.**



I tillegg er jeg som regel med ved avskjed og velkomst når prester går og kommer. I år var det avskjed og velkomst i Evje og Iveland. Og jeg var i tillegg med ved 175 års jubileet i Iveland.

4 ganger i året tar diakonen ansvar for åpen kirkekveld – på sjømannskirkevis, i Fjellgardane kyrkje.

### **Nytt i 2011: Ei bønn og pilegrimshelg**

I tilknytning til diakoniens dag i Hægeland ble det i 2011 arrangert en inspirasjonsdag til bønn på lørdag, og en pilegrimstur i forkant av gudstjenesten på søndag. Dette konseptet ønsket vi å gjenta i Vennesla i 2012. Det ble en suksess, og blir gjentatt videre. Bønnedagen er et forsøk på å inspirere, motivere og mobilisere for Åpne kirker for bønn i Otredal prosti og i Agder og Telemark bispedømme

### **Nytt i år: Jevnlige besøk på KVS Bygland**

Rektor på KVS kontaktet meg på nyåret, og spurte om jeg kunne komme opp på skolen, og ha noe undervisning for elevene om livet, og blant annet noe veiledning for ansatte om førstehjelp ved selvmordsfare. Jeg har besøkt skolen 6 ganger i år.



### **Pilegrimsturer**

Jeg hadde siste pilegrimsvandring Hovden-Røldal i 2011. Men var i 2012 med på pilegrimstreff i november for tidligere Hovden-Røldal pilegrimer på El Campanario, hvor Bjørnar og Torunn Mørenskog (se bildet) når arbeider. Som tidligere nevnt var der en pilegrimsvandring til diakoniens dag i Vennesla i år. Jeg var også med på en 2 dagers pilegrimstur i Tovdal i samarbeid med NFU (norsk forening for utviklingshemmede)- Vennesla.

### **Arbeid som ruller og går**

Helt fra 2002 har det blitt gitt tilbud om samtalegrupper i forhold til sorg, samlivsbrudd og når livet blir annerledes. Tre slike grupper har gått i 2012, ei av de har nå avslutta.

Kyrkjens diakonitjeneste var til stede på Countryfestivalen på Ose i år også. Denne gang med nytt mannskap, noe som gikk helt prima.

Diakonen har i år levert ca 20 artikler til Vennesla tidende og Setesdølen, samt diverse artikler til de 4 menighetsblad i prostiet

### **Årlig retreat**

Diakonen blir pålagt av styret å dra på en årlig retreattur for å fylle opp sine krukker. I år ble det seks dager i Warscawa. En kombinert kirke og retreat tur. Jeg lot meg fascinere av alle de vakre, gjenoppbygde kirker, på tross av at de aller fleste ble bomba sønder og sammen under 2 verdenskrig.

### **Avslutning og takk**

Takk til alle jeg har fått møte i jubileumsåret 2012. Takk for all vennlighet, godhet, samarbeidsvilje, overbærenhet, klokskap og raushet som jeg har fått møte. Det er en privilegert tjeneste å få være prostidiakon i Otredal prosti. Takk til alle frivillige som står på i nestekjærlighetens tjeneste.

Og takk til alle ansatte i kirke, stat og kommune som møter mennesker med utstrakte hender, og spørsmålet: Hva kan jeg gjøre for deg?

Krigen 21.01.13      Per Emanuelen

## ÅRSRAPPORT FOR BYKLE- OG FJELLGARDANE BARNEKOR 2012

### Barnekoret deltok på desse arrangementa:

- Laurdag 21/4 kl.17.00 i Bykle kyrkje: Familiegudsteneste.
- Torsdag 10/5 i Hovden grendehus: Kulturskulens vårkonsert.
- Barnekoret song ein gong på aldersheimen før sommarferien.
- Laurdag 22/9 i Bykle kyrkje: Superlaurdag med jentegruppa «Seven», først øving så konsert med familiegudsteneste kl.17.00.
- Søndag 2/12 kl.18.00 på Bykle samfunnshus: Adventsfest.
- Søndag 16/12 kl.17.00 i Bykle kyrkje: Jolekonsert.
- Barnekoret song to gonger på aldersheimen før jol.

### Sosiale samlingar for kormedlemene:

- Måndag 19/3 kl.18.00-19.30 på Bykle samfunnshus: Samling med pizza, leikar og song.
- Måndag 15/10 kl.18.00-19.00 på Bykle samfunnshus: Samling med pizza, leikar og song.

### Tur:

- Fredag 11/5 - laurdag 12/5: Tur til Kilden i Kr.sand for å sjå teaterforestillinga «Karius og Baktus». Overnatting i Bykle kommunes hytte. Det var godt oppmøte på denne turen. Bjørg Sissel, Gitte og nokre foreldre var med.

### Medlemstal:

- Pr. 31/12'12 hadde barnekoret 16 medlemmer frå 1.kl. t.o.m. 4.kl.

### Øvingar:

Barnekoret har øving ein gong i veka i sfo-tida. Tonhild Kråkenes var dirigent i vårhalvåret og Bjørg Sissel Tveiten var dirigent i hausthalvåret.

### Styret i barnekoret:

- Leiar: Tonhild Kråkenes
- Sekretær: Kari Trydal
- Styremedlem: Brigitte Olsen

Astrid K. Trydal er framleis kasserar, me er svært takksame for at ho gjer denne jobben.

Styret i barnekoret hadde 3 styremøte i 2012.

**Bykle, 21.02.13 Kari Trydal**



for

## FJELLGARDANE SUNDAGSSKULE

2012

Dette året hadde me 14 born/ungdomar betalande medlemmer. Dei var i alderen 2-14 år.

Me har hatt 13 samlingar. Dei fleste er i kyrkja om sundagane frå kl.1030 til ca. 12. Me hadde ein sundag i mars der me var ute på ski og hadde tekst, bål,pylser og natursti.

Else Gyro var utsending og møtte på årsmøtet i Vest-Agder søndagsskulekrins på Hornnes laurdag 17.mars.

Sommaravslutninga var 14.mai. Då var det familiesamling etter arbeid med god mat, andakt, natursti og premie/sommargåve-utdeling. I år var det so kaldt, snjout og surt at me måtte vere inne. Naturstien gjekk rundt kyrkjeveggen ute.

Takk til Marit Rosenblad som har vore hjelpeleiar i to år.

Før jol hadde me familiesamling kl.15, 1.sundag i advent. Då var det risgraut, saft, kaffe og pepperkaker. Me hadde samling kring joleevangeliet og laga jolepynt. Dette passa slik at me gjekk rett ned i sentrum til jolegrantenning. Der vart søndagsskuleleiaren hyra inn til å vere songsjef rundt joletreet!!

På jolemarknaden før jol i sentrum kjøpte me to store utejolelykter til å pynte kyrkjetrappa med. Me er også med og arrangerer joletreffesten og i år tok me alle utgiftene. I år var det laurdag 5.joledag. Me måtte rigge til ein del fredagen og gjorde resten om laurdag i samarbeid med soknerådet. Fest vart det mellom 1730 til ca.19. I år kom det også ca. 60 og 40 nissegåver var i snauaste laget. Gerd Fosse Hovden spela trekkspel og Jon Olav Skinnarland hadde andakt.

Kontingenten er kr.50,- for å få tilskot frå Frifond. Alle medlemene må registrerast i focusnet/database via Norsk Søndagsskoleforbund. Me kan også registrere dei som kjem innom og som ikkje betaler.

I år har me vore i styret: Liv Flateland Flaa (kasserar og ansvar for bitetid-mat), Hellen Echer (ansvar for forming) og Liv Marit Rosenblad (ansvar for opplegg og bite-tid).

*Helsing leiar Else Gyro Rysstad*

*Hovden, 20.feb 2013*

# Årsrapport 2012 for Bykle KFUK-KFUM-speidarar

## Målsetting:

Bykle KFUK-KFUM-speidarar arbeidar etter Norges KFUK-KFUM-speidarar sin føremålsparagraf:

*”Norges KFUK-KFUM-speideres mål er å fremme og drive et speidararbeid for å hjelpe barn og unge til å utvikle en kristen tro og oppdra dem til ansvarsbevissthet, selvstendighet, samfunnsmessig engasjement, mellomfolkelig forståelse og respekt for naturens verdi.”*



Speidararbeidet i Bykle reknast som ein del av Bykle kyrkjelyd sitt trusopplæringsarbeid.

## Leiarar:

Speidarleiarane har fungert som leiargruppe og styre for speidaren i 2012:

### Vår

Olav Skinnarland (troppsleiar, med på sommarleiren)  
Aud Skagestad (gruppeleiar)  
Sigrid Bjørgum (fram til vinterferien)  
Bernt E. Berntsen  
Kjell Dahl (var med på fleire møte og på sommarleiren)

### Haust

Olav Skinnarland  
Aud Skagestad  
Heidi Repstad  
Jon Olav Skinnarland (ansvarleg for roverprogram)

Vi er veldig glad for Heidi Repstad som har vore med som ny leiar i gruppa frå hausten 2012. Brita og Tor Mosdøl har hjelpt på enkeltmøte siste år, det same har Kjell Dahl, Ingebjørg Dahl og Knut Inge Repstad.

Bjørg Vatnestrøm har vore kasserar også i 2012, ein jobb vi er svært takksame for at ho gjer for oss år etter år i speidargruppa!

Karin Bøe har kome inn på slutten av 2012 for å hjelpe til med nokre av dei sekretæroppgåvene Helene hadde. Ho vil bli løna av Bykle Sokneråd på timebasis (inntil 15 timar per måned).

Det har vore leiarmøter ved oppstart vår- og haustsemester, elles har nokre av leiarane møttest i mindre grupper innimellom for detaljplanlegging av turar/leirar og programmet elles.

## Speidarar:

4.-5.klasse utgjør stifinnarane, medan 6.-10.klasse er vandrarane. Halvvegs i 10.klasse kan ein bli roveraspirant, og går inn i roverlaget når ein er ferdig på ungdomsskolen. Me har i tillegg opna for at 2.-3.klassingar med foreldre eller vaksenkontaktar i speidaren kan vere med som familiespeidarar. Ein del er innoom eit møte eller to for å sjå kva som skjer i speidaren. Ved utgongen av 2012 er 3 familiespeidarar, 5 vandrarar, 3 roveraspirantar, 4 roverar og 7 leiarar/assistentar/medlemer i Norges KFUK-KFUM-speidere.

### **Foreldrekontakt:**

Foreldre og speidarar har blitt informert gjennom brev og e-post. Årsmøte vart halde saman med kyrkjelyden sitt årsmøte 7.mars.

### **Program:**

Møtedag: Annankvar torsdag

Nokre av møta hugser vi spesielt godt:

Saman med diakoniutvalet hadde vi open Fellesskapskveld 9.februar i Bykle Kyrkje med mat og innslag frå ulike nasjonalitetar, ein veldig fin kveld.

Speidarmedlemer og nokre foreldre og leiarar hadde sal av mat i samband med sportsmesse på Hovden Tour -arrangementet 16.-17. mars, med godt utbytte for gruppa. Takk for invitasjonen til dette frå Hovden Sport!

26 .april fekk vi låne trenings- og møteplass i Hovden Badeland. Med god hjelp frå personell frå Bykle legekantor, Ambulansen, skisenteret og foreldre hadde vi ei nyttig fyrstehjelpsopplæring både på land og i vatn.

Stifinnarane og vandrarane har elles jobba med spesialistmerke og patruljemerke: (skiløper, nysgjerrighet, leir, krise, turleiar, elementa) og førebudd seg til konkurransar og kretsleir.

Vandrarane deltok i NM i speiding for 3. gong, der patruljen Fjellfox var kvalifisert etter å ha vunne Kretsbannekonkurransen hausten før.

Torjus Repstad (vandrar) deltok på guttetur til verdensspeidarsenteret Kandersteg i Sveits i vinterferien.

3 roverar og 4 vandrarar/stifinnar deltok på Kretsleiren på Tingvatn 24.-30. juni, saman med 3-4 vaksne leiarar. Dei opplevde samlingar med ca 200 speidarar frå kretsen, deltok i kanohaik og leirbåltreff og vann 1.plass både i speidarkonkurransen og sportsturnering, sjølv om dei var få.

Hausthalvåret starta med eit leiarmøte i kyrkja der repr. frå Soknerådet og leiarar var samla for å avklare om vi kunne halde fram med speidararbeidet. Etter at det vart bestemt å halde fram, og med leiarhjelp frå noverande og tidlegare speidarforeldre og speidarar, så har haustprogrammet blitt gjennomført med aktivitetar frå Patruljeliv og Veivisar, turleiar og ordstyrar.

I september deltok 2 vandrarar på Peffkurs og 4 på kretsbannerkonkurransen i Øvrebø. Der fekk vandrarane 2. plass, og kan difor delta på sitt 4. NM i speiding i juni 2013.

I slutten av oktober fekk vi, ved hjelp av Knut Inge Repstad, eit speidarmøte på skytesenteret og vi prøvde oss på å treffe blink. Tor Mosdøl hjalp også der.

Speidaråret vart avslutta med "Lysmesse" på "Heimen" og fakkeltog til bål og opptaksseremoni v/Skistoga. Nye medlemmer fekk Familiespeidar-skjerf, for fyrste gong i gruppa si 25-årige historie i Bykle. Andre fekk fornye speidarlovnaden og gjekk frå å vere stifinnar til vandrar, og nokre blei roveraspirantar.

Måltekremen Roverlag:

Roverleiarane Jon Olav og Tor Erling har vore leirmedarbeidarar og ansvarlege for planlegging av roveraspirantprogram. Jon Olav har følgd Mentorprogram for leiarar.

**Lokale:**

Friluftsliv er ein viktig del av speidararbeidet i Bykle, så dei fleste møta er haldne ute. Oppmøteplass har variert litt ut frå aktivitet. Fjellgardane kyrkje, Hekni og skiarenaen på Hovden i tillegg til Bykle kyrkje har vore møteplasser. Sidan vi siste år berre har hatt med 2-3 speidarar frå Bykle, har vi lagt fleire av møta til Hovden.

**Økonomi:**

Gruppa har ca 80 000 kroner på konto per 31.12.12. Rekneskap blir lagt fram på årsmøtet.

Aud Standal Skagestad, leiar  
Karin Bøe, sekretær  
Bykle 21.2.13



DEN  
NORSKE  
KYRKJA



AGDER OG TELEMARKE BISPEDØME  
OG BYKLE SOKN

## Rapport fra pilegrimsvandring Hovden-Røldal 2012

Langvandring Hovden-Røldal 4.-7. juli: 23 deltakere

Dagsvandring Haukeli-Røldal 7. juli: 20 deltakere

Alderssammensetning: 16-74 år. De fleste var i 40-60-årene.

Pilegrimsprest: Terje Seilskjær.

Fjellførere: Vidar Ydse og Åse Gullsmedmoen

Bispedømmekontorets «representant» under vandringen: Dag Kvarstein

Priser: kr. 2900 for 4-dagersturen. Kr. 550 for dagstur. (Noe rimeligere enn i 2011).

Regnskap: Regnskapet ble gjort opp med et overskudd (se vedlegg).

Styringsgruppe for pilegrimsvandring 2012:

Else Gyro Rysstad, leder i Bykle sokneråd.

Bjarne Tveiten, forfatter.

Terje Seilskjær, prest i Valle og Bykle/pilegrimsprest.

Dag Kvarstein, rådgiver ved Agder og Telemark bispedømmekontor.

Organisering: Soknerådet i Bykle stod som medarrangør og hadde ansvar for regnskap, mens bispedømmekontoret også var medarrangør og stod for planlegging, koordinering og oppfølging. Bispedømmet bidro også ved å stille Terje Seilskjær til disposisjon som pilegrimsprest, og ved å legge forberedelser, etterarbeid og deltakelse på vandringen inn i arbeidstiden til rådgiver Dag Kvarstein.

Hovden Fjellstoge v/ primus motor Oscar Zaalmink var en viktig tradisjonsbærer, organisator og leverte tjenester som overnatting, middager, etablering av lavvo-leir og transport.

**Bakgrunn**: Pilegrimsvandringen mellom Hovden og Røldal i 2012 var den syvende i rekken. Fra middelalderen av var Røldal stavkirke en av de mest besøkte pilegrimsmålne her i landet etter Nidaros. Tradisjonen holdt seg i den avsidesliggende bygda til helt ut på 1800-tallet, til tross for at pilegrimsvandring ble forbudt ved reformasjonen på 1500-tallet. Det helbredende krusifikset i den lille stavkirken var målet for dem som strevde seg de mer enn 60 kilometrene over fjellet.

**Kortfattet evaluering**: Det var god stemning og godt samhold på hele turen. Da en av deltakerne brakk beinet på slutten av den tredje etappen, fungerte deltakernes sykepleie- og førstehjelpskunnskaper meget godt. Beinbruddet var et hendelig uhell. Bra turvær, mange erfarne fjellvandrere og godt lederskap gjorde pilegrimsvandringen til en god opplevelse. Det var lagt inn daglige stille timer til refleksjon, og dessuten satt av tid til samlinger ved ankomst



hytte/telt der pilegrimsmotiver og trosdimensjoner ble løftet fram. Se også vedlegget «Tilbakemeldinger».

**Moderne pilegrimer:** For moderne pilegrimer er motivene ulike. Helbredelse eller det å gjøre bot er nok ikke så fremtredende lenger. For mange er veien målet, for andre var målet å få et møte med nye mennesker, meg selv eller med Gud. For noen var det også viktig å komme fram til Røldal kirke med det undergjørende krusifikset.

- Målet for meg er at vandringen skal hjelpe meg til å få fram den beste versjonen av meg selv, sa en av deltakerne.

Akkurat det ble også en erfaring mange hadde: Gjennom lange dagsetapper på opp til to mil, i til dels umerket terreng, ble samholdet sterkt og godt. Det viste seg å være bruk for det også, på en helt håndgripelig måte. Da en av deltakerne brakk beinet på slutten av den tredje dagen, var det mange som handlet raskt med sykepleie, smertelindring, spjelking og bæretransport til helikopter. Når uhellet skjedde, kom det beste i folk fram!

**Traséen:** Pilegrimsuka startet tirsdag kveld med samling på Hovden Fjellstoge med god mat, informasjon og kulturelle/faglige innslag. Selve vandringen tok til onsdag morgen med pilegrimsgudstjeneste i Fjellgardane kyrkje ved Terje Seilskjær. Den fortsatte med overnatting i turistforeningshyttene ved Sloaros og Holmevassbu, for så å gå over i umerket trasé til Kaldevatn tredje dagen, før slitne og våte pilegrimer kom ned til Røldal den fjerde dagen, lørdag 7. juli. Da hadde langtur-vandrerne fått med seg dagsvandrerne på den siste etappen, slik at over 40 personer ble møtt av Røldals-presten Arne Natås vel nede fra fjellet. I spissen for vandrerne gikk de dyktige fjellførerne Vidar Ydse og Åse Gullsmedmoen, som begge var med for tredje gang.

Underveis ble vi moderne pilegrimer utfordret til å tenke gjennom begrepene "finne vei" og "være vei". Noen trengte hjelp til å bære sekken opp de bratteste snøfonnene og opplevde dermed at en medvandrer gjorde veien lettere. Andre ble en vei videre for en medvandrer som trengte noen gode og oppmuntrende ord.

Dikteren Olav H. Hauge har satt sine ord på dette, at våre veier gjennom livet er ulike. Uansett, den veien vi har gått er vår vei - og den førte oss frem til der vi er. Da er det kanskje ikke noe poeng i å pynte på omveiene, snarveiene og avveiene, men heller takke for at de til slutt viste seg å bli en utvei. Hauge sa det slik:

*Rett ikkje ut faret  
som bar deg frelst  
yver hamrane*

*Dag A. Kvarstein, Kristiansand 18. januar 2013*

**Se også vedlegg: Regnskap, tilbakemeldinger**

**Vedlegg 1:**  
**REGNSKAP**

**Funksjon Regnskap**

<b>Konto</b>	<b>Utgifter</b>		
31200	Mat og servering	44	14160
31209	Annet forbruksmateriell	44	28822
31600	Kjøregodtgjørelse (oppgavepliktig)	44	1459
31700	Reiseutgifter/drift av egne transportmidler	44	3097
34290	Moms, generell kompensasjonsordning	44	3172
<hr/>			
	Total utgifter		50710
<b>Konto</b>	<b>Inntekter</b>		
36100	Betaling fra deltakere	44	63700
36209	Annet salg utenfor avgiftsområdet	44	2850
37290	Refusjon moms, driftsregnskapet	44	3172
<hr/>			
	Total inntekter		69722
	<b>Resultat i NOK (positivt)</b>		<b>19012</b>

Rapport teke ut frå Agresso av kyrkjevevja i Bykle  
10.01.13

Rapport synleggjer ikkje lønskostnadar for prosjektet.

## Vedlegg 2: Tilbakemeldinger

På pilegrimssamling i Valle prestegård 17. november kom deltakerne med blant annet disse tilbakemeldingene basert på erfaringene fra 2012-vandringen:

- 2012-vandringen startet onsdag slik at vandrerne var framme i Røldal lørdag. Det bør vurderes om det er bedre å starte tirsdag slik at man er framme fredag kveld. Dermed får man med seg hele pilegrimsstevnet i Rødal, og ankomsten til Røldal blir mindre hektisk.
- Man bør vurdere å legge den tredje etappen nærmere riksveien over Haukelifjell slik at det blir enklere å etablere lavvoleir. Det var i år så store snømengder at det var vanskelig å ta seg inn til leirplassen ved Kaldevatn for dem som skulle etablere leiren (Hovden Fjellstoge).
- Flott med samling kvelden før langvandringen startet på Hovden Fjellstoge. Fine kulturelle og faglige bidrag fra Bjarne Tveiten og Kristina Grundetjern. God mat og service fra Hovden Fjellstoge.
- Det bør i 2013 informeres tydeligere og mer detaljert om programmet for pilegrimsstevnet i Rødal.
- Informasjon om pilegrimsvandringen bør være godt synlig på nettsider som hovden.com, pilgrim.no, pilgrim.info, i tillegg til bispedømmets nettsider, kirken.no/agder.
- Man bør også i 2013 presisere at de som skal delta på vandringen fra Hovden-Røldal må være i god fysisk form og vant til lange fjellturer. Alle årets vandrere hadde erfaringen med fjellturer, med et par unntak.
- Dersom antall deltakere skal økes til 25-30, må turfølget ha med et par telt i tillegg.
- Det bør være et eget vertskap for dagsvandrerne. Oppgaven for vertskapet bør være å ta imot dem som kommer kvelden før. Verten bør også ledsage dagsvandrerne fram til dem som er på langtur. På denne måten skaper man et fellesskap før selve vandringen starter.
- Transport av biler fra Hovden til Røldal må organiseres bedre med lister der bilnummer, navn og telefonnummer er med.
- Det er viktig at noen i turfølget har med sovepose og presenning/nødbivuakk. Dette ble det bruk for da en av deltakerne brakk beinet.
- Bruk av bambusstaver viste seg også å være nyttig til bære, spjelking av brudd og som bærestaver når noen ble slitne og trengte hjelp med sekken sin et stykke.
- Viktig å ha med smertelindrende medisiner, samt støttebandasje, plaster etc.
- Noen i turfølget bør ha helsefaglig bakgrunn eller gode kunnskaper om førstehjelp.
- Av hensyn til sikkerheten og store områder uten mobildekning, må turfølget ha med seg satellitt-telefon, slik vi hadde på 2012-vandringen.